

# 5

## Norsk maalsoga for skule og heim

- a digital facsimile edition from *Project Runeberg*

<http://runeberg.org/maalsoga/0005.html>

— 5 —

sermerkelege i folkemalet, og hentar innhald fraa mange maalføre, men bind seg ikkje heilt til noko serskilt. Det vert skriftformi for alle maalføri, eit *nasjonalt mynstermaal*. Der som det hev laga seg eit slikt nasjonalt bokmaal, vil det etter ei tid faa innverknad paa talen atter hjaa deim som syslar mykje med skrift og bøker, so der vert eit verknadsskifte millom talemalet og bokmaalet.

Korleis bokmaali umkring i Europa er uppkomne, er ikkje alltid lett aa sjaa. Sume synest hava sitt opphav mest fraa eit einskilt maalføre (t. d. italiensk av toskansk), andre fraa ein samverknad av fleire maalføre (t. d. svensk, dansk, engelsk). Det *norske bokmaalet* (nynorsken, landsmaalet) styt seg i sume stykke mest til maalføri sud og vest i landet, men hentar ordfang fraa alle bygdemaal.

\* \* \*

Som fyrr nemnt er maalet ein livande ting, ein livskapning, som hev sin serskilde innreide eller organisme. Det sermerkelege i denne innreiden er ikkje dei einskilde ord eller *glosorne*, men det er *uttalen* (med ljodføring eller artikulasjon, tonelag, tonefall), *ljodverket*, *endingarne*, *smaaordi* (bindeord, pronomen o. s. fr.) og *ordfylgja*, med eit ord *maalbyggnaden*. Det er i maalbyggnaden me finn dei nasjonale maalmerki. Men glosorne hev i denne vegen ikkje meir aa segja enn at me med dei same glosor kann skriva ei setning paa fleire ulike maal og likevel tydeleg sjaa skilnaden. I ei setning som denne: *Politiske liberale partier organiseredes successivt*, kjenner me straks atter dansken paa fleirtalsendingi — *er* (i *partier*), den passive ending — *es* (*organiseredes*) og meir dilikt. Men setningi vert tysk, um me skriv: *Politische liberale Parteien wurden successiv organisiert*, og